



HERØY
kommune



Plan for trygt og godt barnehagemiljø

XX/XX.XX.XX.XX



EI BÅTLENGD FØRE

Oppsummering

*"Ingenting skapar så mykje
motivasjon, glede, inspirasjon,
sjølvtilitt, kjærleik og tilfredsheit
som det å høyre at ein betyr
noko, at ein er verdt noko og at
ein kan noko, at ein er flink,
snill og god."*

- Optimistene



Innhold

| | |
|-----------------------------------------------------------------------|----|
| PLAN FOR ARBEID MED TRYGT OG GODT BARNEHAGEMILJØ I HERØY KOMMUNE | 5 |
| Det indre livet i barnehagen | 5 |
| Relasjonsbygging | 5 |
| Sosial kompetanse | 5 |
| Korleis skape systematikk i arbeidet med trygt og godt barnehagemiljø | 11 |
| Barnesamtalar | 11 |
| Definisjonar | 13 |
| Foreldresamarbeid | |
| RETNINGSLINER FOR SAKER SOM GJELD BARNEHAGELOVEN KAP. 8, §§ 41-43 | 14 |
| Formål | 14 |
| Aktivitetsplikt | 15 |
| Følgje med | 15 |
| Varsle | 16 |
| Undersøke | 16 |
| Setje inn tiltak | 17 |
| Evaluering av tiltaka | 18 |
| Skjerpa aktivitetsplikt etter § 43. Dersom tilsette krenkar barn | 20 |
| Aktivitetsplan - kortversjon | 20 |
| SKJEMA, NYTTIGE NETTSIDER OG LITTERATUR: | 22 |
| VEDLEGG | 23 |



Plan for arbeid med trygt og godt barnehagemiljø i Herøy kommune

Korleis kan barnehagen møte krava i den nye Barnehageloven kapittel 8 og særleg plikta til å arbeide med trygt og godt barnhagemiljø? Lova skisserer både ei plikt til å tenkje førebyggjande arbeid, og ei plikt til å handle dersom nokon opplever å ikkje ha det trygt og godt. Det viktigaste i det førebyggjande arbeidet er å planlegge korleis ein kan nytte den kunnskapen ein allereie har i høve til tema som inkluderande barnehagemiljø, vaksenrolla/vere saman, relasjonsbygging og arbeidet med språk. Alle desse temaa er grunnmuren i eit trygt og godt barnehagemiljø. Det barnehagen treng er eit system for å følgje med på barnehagemiljøet og eit system for skriftleggjing av varsel og aktivitet.

DET INDRE LIVET I BARNEHAGEN

Det kan vere eit godt utgangspunkt å tenkje at ein startar med å sjå på det indre liv mellom alle dei vaksne i barnehagen. Kva tenkjer dei? Kvar står vår barnehage i dette temaet? Kva legg vi i inkluderande barnehagemiljø? Korleis er det synleg at vår barnehage har eit inkluderande barnehagemiljø? Arbeid gjerne med dette tema etter IGP-metoden (individuell-gruppe-plenum). Dette for at alle får tid til å tenkje, tid til å drøfte med kvarandre og at alle røyster kan verte høyrde i plenum.

Kva kunnskap har barnehagen om det å observere samspel/gruppedynamikk? Har ein den naudsynte kompetansen og kjenner alle seg trygge på dette? Bruk litt tid på at kvar og ein kan reflektere over vaksenrolla i barnehagen. Bruk skjema «sjekklister – oppvekstmiljø i barnehagen».

Sett av litt tid til dette og bruk tid til å drøfte saman og gjerne sette opp nokre punkt, 2-3 stykk, der de er samde om at desse områda er vi ganske gode på. Sett også opp 2-3 punkt der de er samde om at her har vi utviklingspotensiale.

RELASJONSBYGGING

Relasjonsbygging er eit tema som dei fleste kjenner seg trygge på. Det kan likevel vere bra med ein gjennomgang av dei vaksne sine haldningar og kjensler til barn i ei gruppe. Relasjonen mellom vaksne og barn er den viktigaste faktoren for barn si læring og utvikling og det er den vaksne som har ansvar for relasjonen og kvaliteten på relasjonen med barn. Gode relasjonar er også ein av dei viktige grunnpilarane i eit godt og trygt barnehagemiljø. Her kan ein bruke Kari Pape sitt skjema: «Relasjonskartlegging – barn-vaksnerelasjonen i ei gruppe». Bruk det slik at den vaksne får fylle ut skjema for seg sjølv, gjerne anonymt og sett deretter svara inn i samleskjema. Reflekter over resultatet og tenk igjennom kva som kan gjerast i gruppa. Til refleksjon kring den vaksne sin relasjon til barna kan ein også bruke Lindtner sin «relasjons sirkelen». Formål med dette arbeidet internt er at alle skal vere endå meir medvitne på relasjonsbygging og sin eigen relasjon til barna.

SOSIAL KOMPETANSE

Å jobbe bevisst med utvikling av sosial kompetanse hjå barn er viktig når det gjeld å førebygge mobbing. Vi skal formidle normer og verdiar om at vi alle er ulike og at det er flott. Uavhengig av kultur, alder og kjønn, er vi like-

verdige menneske. I dette arbeidet er persona-
let ein viktig rollemodell for barna. Gode sosi-
ale ferdigheiter handlar om å lukkast i å vere

saman med andre. Inkludering i eit fellesskap,
venskap og leik med jamaldringar styrkar bar-
na si sosiale og personlege utvikling.

Med utgangspunkt i Kari Lamer si forståing av sosial kompetanse, er det viktig å meistre:

- **Empati og rolletaking:** Innleving i andre sin kjensler og forståing for andre sine perspektiv og tankar.
- **Prososial åtferd:** Positive sosiale haldningar og handlingar som å hjelpe, oppmuntre og dele med andre.
- **Sjølvkontroll:** Å kunne utsette eigne behov og ønskje i situasjonar som krev turtaking, kompromiss, felles avgjerder og å takle konflikhtar.



• **Sjølvhending:**

Korleis ein kan hevde seg sjølv og eigne meiningar på ein god måte, og tore å stå imot gruppepress og bli med på lek og samtalar som allereie er i gang.

• **Leik, glede og humor:**

Å kunne skille lek og annan aktivitet, tolke leikesignal, og å la seg rive med og kjenne glede, slappe av, spøke og ha det moro.



Verktøy for å førebygge mobbing:

Dette er forslag til verktøy som ein kan bruke:

Barnesamtale/«Innblikksamtale»:

Det er ein samtale med alle barna på avdelinga om korleis dei har det i barnehagen. Dette kan skje med kvar einskild eller i små grupper. Ein kan variere kva ein spør om alt etter alder og behov. Korte samtaler/ Innblikksamtale kan innehalde spørsmål som:

- Kven leiker du med?
- Kven er snill?
- Er det nokon som er ikkje er snill?

Eller spørsmåla i «Barnesamtale-skjema».

Sosiometrisk kartlegging:

Ein brukar ei slik kartlegging for å få innblikk i kva barn som eventuelt ikkje blir valt av dei andre barna og som har behov for å bli inkludert i gruppa. Her kan ein ta utgangspunkt i ei teikning av ein buss som skal køyre til ein morosam stad og barnet skal vere sjåfør. Kven vil barnet ha med seg i bussen? Dette kan vere alt frå 2–4 stykker. Det kan vere lurt å ha bilete av dei barna som det kan veljast mellom, slik at det blir eit reelt val.

Skjema «Bussen».

Observasjon på avdeling/barnegrupper:

Observasjon av samspel.

Observasjon av leikeåtferd.

Lage sosiale regler med positive forteikn, saman med barna.

Leikestasjonar - inne og ute:

Vaksne set opp desse stasjonane før barna kjem.

Etablering av ulike typar «vennegrupper»:

Dette kan til dømes vere turgrupper, leikegrupper og liknande.

«Alle med»:

Skjema «Kartlegging av ferdigheiter».

Skjemaet dekker seks utviklingsområde:

- Sosio-emosjonell utvikling
- Leikeutvikling
- Trivsel
- Kvardagsaktivitetar
- Sansemotorisk utvikling
- Språkutvikling

Samlingsstund:

Tema om venskap, positivt samspel og mobbing.

«Grøne tankar – glade barn» (Solfrid Raknes):

Metode for å hjelpe barn å utvikle gode haldningar til seg sjølv og andre. Fremme evne til eigenomsorg og prososial åtferd. Stimulere barn sitt tanke- og kjenslemedvit. Verktøyet skal hjelpe barn og vaksne i barnehagen til å snakke om og øve på å gjere lure val når kjenslene skaper vanskar. Materiell til 18 samlingsstunder om tematikken tankar og følelsar.

Fagleg oppdatering hos tilsette i barnehagen:

Alle tilsette les om tema mobbing/forebygging av mobbing i løpet av året.





KORLEIS SKAPE SYSTEMATIKK I ARBEIDET MED TRYGT OG GODT BARNEHAGEMILJØ?

Samarbeid for eit godt barnehagemiljø inneber:

- Systematisk observasjon av og refleksjon kring einskilde barn og barnegrupper.
- Systematisk observasjon av og refleksjon kring eigen praksis.
- At det vert brukt tid i ulike møteforum til å snakke om og reflektere over vaksenrolla i lys av grunnleggande verdiar og ny kunnskap.
- Jamleg refleksjon kring faglege og etiske problemstillingar.

Det er fem faktorar som er sentralt i arbeidet med barnehagemiljø og det er:

- Relasjon barn – barn
- Relasjon vaksne – barn
- Leiing av gruppe og læring
- Samarbeid med føresette
- Organisasjonen sin felles ståstad/kultur

I desse faktorane kan ein legge inn alle dei områda som barnehagen arbeider aktivt med som *Være sammen*, som dekkjer både vaksenrolla og relasjonsbygging. I eit systematisk arbeid kan det vere nyttig å tenkje at ein nyttar kartlegging av relasjonane eller samtalar med barn.

Tras og Språkløyper er også område som på mange måtar er ein del av barnehagemiljøet og barn sin trivsel og tryggleik. Språk er ein av nøklane til tryggleik og til relasjonsbygging. «Tryggleikssirkelen» har vore tema i mange barnehagar. Den handlar om møte mellom vaksne og barn og det å skape det trygge miljøet. I tillegg er Rammeplan viktig i dette arbeidet, slik at alt som vert gjort er ein del av eit større heile.

Korleis kan barnehagen bruke dette i det førebyggjande arbeidet?

Gjennom å skape gode rutinar for å ta opp tema i felles drøfting i personalgruppa, gjennom rettleiing til dei i personalet som kjenner seg usikre på tema og gjennom å bli samde om korleis vi skal gjer det her i vår barnehage. Kanskje bør det lagast ein tidsplan der temaa er oppe i møte i barnehagen, felles møte, avdelingsmøte og foreldremøte. Refleksjon og deling av erfaringar er god læring for alle og ein fin måte å verte bevisste på.

Dialogmodellen: <https://dialogmodellen.no/>

BARNESAMTALAR

Barnesamtalar dreier seg om å få høyre barna sine synspunkt og ta i vare krava i § 3 om barn sin rett til medverknad og rett til å ha synspunkt på det som skjer i barnehagen. Barnet sine synspunkt skal vektast i samsvar med alder og mogning.

I dette ligg det også eit høve til å kartlegge barna sin trivsel og tryggleik. Det er lagt ved eit skjema «Barnesamtalar» som skisserer nokre sentrale spørsmål til denne samtalen. Det kan vere ein bra strategi at dei som skal gjennomføre «Barnesamtalar», har øvd seg på å gjere det og kjenner seg trygge på spørsmåla og gjennomføringa. Ein bør også bli samde om korleis og kva ein noterer ned frå samtalen og korleis ein følgjer opp det som ein får kjennskap til.

DEFINISJONAR

Det psykososiale miljøet i barnehagen består av psykologiske og sosiale tilhøve, og samspelet mellom dei. Psykososial helse har med

oppleving av tryggleik, meistring, nærleik og livsglede. Tilhøyre og tryggleik er avgjerande faktorar for barn si naturlege utvikling, og desse behova vert dekt i stabile, positive relasjonar med andre barn og vaksne.

Mobbeåtferd blir brukt om barnehagebarn sine negative handlingar overfor kvarandre. Barna prøver seg fram med ulike sosiale strategiar. Begynnande mobbeåtferd kan føre til etablerte sosiale mønster der det fører til mobbing også blant små barn.

Krenkingar er eit samleomgrep for ord eller handlingar som vert opplevd negativt.

Omgrepet omfattar alt frå einskilde ytringar eller handlingar, til gjentekne episodar.

Krenkingar kan vere direkte ord og handlingar, men også baksnakking, utfrysing, ryktespreiing eller andre handlingar som gjer at barn opplever utryggleik, ubehag eller ikkje føler seg inkludert i fellesskapen. Det kan vere både barn og vaksne som krenker. Mobbing vert definert på ulike måtar, men denne definisjonen kan vere eit utgangspunkt:

«Mobbing av barn i barnehagen er handlinger fra voksne og/eller andre barn som krenker barnets opplevelse av å høre til og være en betydningsfull person for fellesskapet» (Lund, 2015 s. 45.)

Direkte mobbing kan vere fysisk eller verbalt: Dytting, slag, å truge, erting, tilrop, latterlegging og liknande. Indirekte mobbing i barnehagen handlar ofte om utestenging frå fellesskapen i leik og aktivitetar: snu ryggen til, la vere å svare og liknande.

Eit godt barnehagemiljø er prega av:

- Tryggleik, tilhøyre og trivsel.
- Inkluderande fellesskap.
- Barn sin medverknad.
- Profesjonelle vaksne som opparbeider gode relasjonar til og mellom barna.
- Profesjonelle vaksne som er gode rollemodellar og rettleiar barna.
- Barn som torer å vise kjensler og gir uttrykk for eigne ønskje og behov.
- Barn som lærer å ta omsyn til andre og at eigne ønskje ikkje alltid kan oppfyllest.
- Barn som kan leike og løyse konflikhtar på ein adekvat måte.

Den vaksne er modell for barn sitt møte med andre. Personalet si forståing av barn og barn si åtferd er grunnlaget for korleis den vaksne ser, reflekterer, handlar og evaluerer eigen praksis. Det er personalet sine haldningar som ligg til grunn for handlingane deira. Gode rollemodellar snakkar ikkje nedsettande til, eller om andre, korkje barn, foreldre eller kollegaer.

Å vere ein god rollemodell inneber:

- Å behandle barna med respekt og toleranse.
- Å snakke positivt med og om alle barn.
- Å vere tydeleg på at kvar og ein har verdi i seg sjølv, og at alle har rett til å ha eigne mengingar.
- Å vere spesielt medviten om kva ein seier, korleis ein snakkar til kvarandre når barn er i nærleiken.
- Å vere tydeleg, varm og omsorgsfull.

FORELDRESAMARBEID

Det er barnehagen sitt ansvar å leggje til rette for eit foreldresamarbeid som bidrar til å førebygge mobbing og krenkingar. Foreldra bør bli med i barnehagen sitt arbeid for eit godt psykososialt miljø, både gjennom informasjon og medverknad.

Barnehagen skal leggje til rette for ein dialog prega av openheit og likeverd. Foreldre skal kunne vere sikre på at barnehagen tek raskt kontakt med dei dersom dei opplever at deira

barn er involvert i ei uønskt hending. Det skal vere låg terskel for å melde frå til barnehagen dersom foreldre opplever endra åtferd eller trivsel hos barnet sitt. Foreldra skal vere trygge på at uroa vert tatt på alvor. Barnehagen og heimen har eit felles ansvar for at mobbing ikkje får utvikle seg i barnehagen. Nært og godt samarbeid med heimen legg eit godt grunnlag for eit trygt og godt barnehagemiljø. Tema bør også vere sentralt på foreldremøte.



Retningslinjer for saker som gjeld Barnehageloven kap. 8 §§ 41–43

FORMÅL

Retningslinjene skal sikre at dei tilsette i barnehagen er kjende med aktivitetsplikta som gjeld barn sin rett til eit trygt og godt psykososialt miljø, jf. Barnehageloven kap.8 - § 41–43 og barna sin rett til medverknad og omsynet til barnet sitt beste jf. Barnhageloven § 3. I tillegg til Barnekonvensjonen artikkel 12 om barn sin rett til å gi uttrykk for si meining.

Gjeldande rett og *Rammeplan for barnehagen* seier at personalet skal «førebygge, stoppe og følge opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster».

Barnehageloven § 41 legg vekt på at barnehagen skal arbeide førebyggjande med eit trygt og godt barnehagemiljø ved å kontinuerleg fremme helse, trivsel, leik og læring til barna. Plikta til å sikre at barnehagebarn har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø er heimla i Barnehageloven § 42, og er knytt til aktivitetsplikt. Det er barnet/føresette si oppleving av trygt miljø som skal leggast til grunn for undersøking og aktivitetsplan. I tillegg er det personalet sin mistanke eller kjennskap til at barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø som skal utløyse undersøking og aktivitetsplan. Med omgrepet trygt og godt barnehagemiljø meiner ein her at barnet ikkje opplever krenking, mobbing, utestenging, trakassering eller

uheldige samspelsmønster.

Retningslinjene skal sikre ei god sakshandsaming i desse sakene, og skal sikre ein mest mogleg lik praksis i barnehagane.

Lova og rammeplanen føreset at alle barnehagane har eit systematisk arbeid for sikre eit trygt og godt miljø for alle, der barn opplever meistring, tryggleik og tilhøyre. I dette ligg arbeidet med positive relasjonar mellom barn og mellom barn og vaksne.

Den reviderte lova understrekar at det er nulltoleranse mot krenking; mobbing, vald, diskriminering og trakassering (Barnehageloven § 41, første ledd)

Når det gjeld formell saksgang, er det styrar som har ansvaret. Difor er styrar lista opp som ansvarleg på dei fleste punkta. Styrar kan likevel delegere oppgåver til andre, men styrar er ansvarleg for at lova med aktivitetspliktene vert oppfylt.

Det er viktig at barnehagen har gode rutinar for skriftleg dokumentasjon på det som vert gjort i desse sakene. Det gjeld samtalar, observasjonar, epostar og alt som er knytt til ei sak som omhandlar trygt og godt barnehagemiljø. Framlegg til skjema som kan brukast er vedlagt planen.

AKTIVITETSPLIKT

Aktivitetsplikta vil tre i kraft når det er grunn til å mistenke at barn opplever at barnehagemiljøet ikkje er trygt og godt på ein meir generell og konstant basis. Det er barnet/føresette si oppleving av trygt miljø som skal leggast til grunn for undersøking og aktivitetsplan.

Aktivitetsplikta omfattar alle vaksne som har virket sitt i barnehagen. Handlingspliktene er følgjande:

- 1) Plikt til å følgje med
- 2) Plikt til å varsle styrar i barnehagen
- 3) Plikt til å varsle barnehageeigar
- 4) Plikt til å undersøkje
- 5) Plikt til å setje inn eigna tiltak
- 6) Plikt til å utarbeide skriftleg plan

FØLGJE MED

Alle som arbeider i barnehagen, skal følge

med på korleis barna i barnehagen har det. Det er viktig å vere tett på, for å sjå og høyre det som skjer i barnegruppa. Det er også ein del av å følgje med ved å observere barn si åtferd i leik og i det sosiale, snakke med barna og særleg legge merke til om barnet endrar seg eller trekkjer seg unna.

Ei melding kan kome frå ulike personar eller instansar, og meldinga kjem etter aktivitetsplikta punkt 1 om at ein skal følgje med. Den som har mistanke om, eller får kjennskap til, at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø skal straks handle vidare etter aktivitetsplikta.

NB: Alle typar meldingar skal takast på alvor. Melding treng ikkje kome frå foreldre/føresette, og treng heller ikkje vere skriftleg.

Ansvar:

Alle tilsette

Gjennomføring:

Så snart som råd



VARSLER

Styrar i barnehagen skal varslast, jf. Barneha- geloven § 42 , andre ledd.

Varsling til styrar skal skje snarast råd, men ein vurderer om dette må skje der og då, eller om ein til dømes kan vente til slutten av dagen eller som ei vekeoppsummering.

Dersom det er tilsette i barnehagen som varslar til styrar, kan det være aktuelt at styrar set i gang ei førebels undersøking av meldinga, før ein tek samtale med føresette. Dersom det er barn/føresette som varslar styrar, bør styrar kalle inn til samtale for å få klarlagt varsel i saka og få fram både føresette og barnehagen sine synspunkt.

I denne samtalen med styrar, legg ein opp ein plan for vidare handsaming av saka, og gjer klart kven som skal ha ansvar for kva. Sjå elles punkt 5 om undersøking, og kva denne kan/ bør innehalde.

Ansvar: Styrar
Gjennomføring: Så snart som råd

I alle slike saker er det viktig å dokumentere alt som skjer, også dokumentasjon på tidlega- re hendingar kan vere relevant. Det kan vere meldingar, e-postar, telefonsamtalar, individu- elle samtalar o.l. Dette for å dokumentere kva ein faktisk gjer/har gjort. Dokumentasjonen skal leggest i barnet si mappe. Føresette har innsynsrett i barnet si mappe.

Etter å ha motteke melding, eller har fått mistanke om krenking, tek styrar kontakt med barnet sine foreldre/føresette. Dette kan skje via telefon eller ved eit fysisk møte. Barnet og foreldre/føresette skal få god orientering om kva Barnehagelovaen sei om barnehagen si plikt til å sikre eit godt og trygt psykososialt

barnehagemiljø og om kva barnehagen skal gjer når føresette seier ifrå om barn som ikkje har det trygt og godt, jfr § 42.

Det kan også være nyttig at styrar i denne samtalen presiserer kva som ligg i å ha eit trygt og godt barnehagemiljø. Her kan ein legge vekt på at barnehagen ikkje godtek krenkingar av noko slag eller utestenging, mobbing, trakassering og syner til § 41 i lova. Det er vesentleg også å legge vekt på § 3 om barn sin rett til medverknad og omsynet til barnet sitt beste. I denne samtalen drøftar ein også den vidare handsaminga, og kva som skjer vidare i barnehagen.

Ansvar: Styrar
Gjennomføring: Så snart som råd

UNDERSØKE

Aktivitetsplikta sitt punkt fire handlar om å undersøke saka. Når ein har motteke melding om/kunnskap om mobbing, krenkingar eller eit utrygt barnhagemiljø, er det viktig å sette i gang undersøkingar. Ikkje for å bevise noko eller vurdere, men for å samle informasjon. Kor grundig denne undersøkinga skal vere, må baserast på skjøn. Undersøkinga skal ha som mål å få fram følgjande:

- Fakta om situasjonen
- Bakgrunnen for barnet/føresette si oppleving
- Kva tilhøve i barnet sine omgjevnader som påverkar korleis han/ho opplever barnehagemiljøet
- Observasjonar i barnehagen (overgangar, frileik, uteleik og oppstart av aktivitetar)
- Ha særleg fokus på relasjonar, venskap og kontaktform (jamfør verktøy for observasjon og samtalar).

Undersøkinga kan først vere ei enkel undersøking for å få fram fakta i saka.

Det kan likevel vere behov for å gjennomføre ei meir omfattande undersøking der ein har fokus på:

- Utvida samtale med alle barn om relasjonar, trivsel og samspel i barnehagen.
- Barnehagen sitt miljø og dei vaksne sin relasjon til barna.

Undersøkinga skal konkludere endeleg kva ein gjer vidare. Styrar konkluderer på bakgrunn av undersøkingar om barnet har vore utsett for krenking, mobbing, utstenging, diskriminering, trakassering eller uheldige samspelsmønster, eller ikkje. Er barnet utsett for krenkingar, må det lagast ein tiltaksplan (sjå ressursar). Denne planen skal vere tidsavgrensa.

Den skriftleg planen med tiltak for kva som skal gjerast vidare, jamfør Barnehageloven § 42 siste ledd. Denne planen skal innehalde:

- a) Kva problem tiltaka skal løyse
- b) Kva tiltak barnehagen har planlagt
- c) Når tiltaka skal gjennomførast
- d) Kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) Når tiltaka skal evaluerast

Kontakt det kommunale beredskapsteamet dersom ein har behov for hjelp og støtte i denne prosessen.

Beredskapsteamet er eit kommunalt team med særleg kompetanse i saker som gjeld barnehagemiljø og saker om mobbing. Beredskapsteamet skal gir råd til barnehagen i saker som er samansette eller kompliserte og skal vere med på drøfting av aktuelle saker

med styrar når det er behov for det.

Beredskapsteamet kan støtte barn og føresette som opplever å ikkje få den hjelpa og støtta ein har rett på i saker som omhandlar utrygt barnehagemiljø. Det er barnehagen som har ansvar for at saka vert løyst og at dei gitte rutinar vert følgde.

Dersom det ikkje er avdekt krenkingar, bør barnehagen likevel:

- Samtale med dei føresette der dei orienterer om status heime.
- Barnehagen seier noko om kva som er gjort og kva som var resultatet av dei undersøkingane som vart gjort.
- Avtalar med føresette om vidare samarbeid og kommunikasjon.

Ansvar:

Styrar

Gjennomføring:

Så snart som råd

SETJE INN TILTAK

Gjennomføring av tiltak

Når det er utarbeidd ein plan, skal denne setjast i verk så snart som mogleg. Tiltaka kan vere på individnivå og systemnivå. Planen skal også sendast til barnehageeigar.

Døme på tiltak:

- a) Gjennomføre systematiske observasjonar
- b) Setje inn eigna tiltak for barn som ikkje har det bra
- c) Samarbeide tett med føresette
- d) Etablere gode leikegrupper med fokus på lek som fremjar samarbeid og samhald
- e) Samtalar med barn, individuelt og i gruppe
- f) Tett oppfølging av einskildbarn
- g) Tett samarbeid mellom tilsette for å justere undervegs og reflektere over situasjonen

- h) Særleg fokus på vaksenrolla (Jamfør *Være sammen*) og på sosial og emosjonell kompetanse
- i) Relasjonsbygging og språkutvikling
- j) Alternative aktivitetar:
 - i. Sosiale aktivitetar
 - ii. Søke bistand eksternt med PPT eller oppvekst, med tanke på systemarbeid for å betre det psykososiale barnehagemiljøet
 - iii. Intern kompetanseheving for å styrke personalgruppa

Ansvar: Styrar
Gjennomføring: Så snart som råd

EVALUERING AV TILTAKA

Planen, og dei tiltaka ein har sett i verk, skal evaluerast. Evalueringa skal seie noko om tiltaka har hatt ønskt effekt. Før dette møtet skal vere, bør barnehage, foreldre/føresette ha utarbeidd kriterium med tanke på måloppnåing. Dette kan til dømes vere når:

- a) Barnet seier han/ho har det betre i barnehagen
- b) Barnet seier i samtale at han/ho har det betre i barnehagen
- c) Styrar/personalet observerer at barnet uttrykker trivsel
- d) Eventuelt fråvær har minka
- e) Barnet vert observert i sosial samhandling med andre barn
- f) Ingen har rapportert om negative hendingar overfor barnet

Ansvar: Styrar
Gjennomføring: Så snart som mogleg





SKJERPA AKTIVITETSPLIKT ETTER § 43. DERSOM TILSETTE KRENKAR BARN

Dersom ein som arbeider i barnehagen får mistanke om, eller kjennskap til, at ein annan tilsett i barnehagen, krenker eit barn med til dømes utestenging, mobbing, vald, diskriminering eller trakassering, skal vedkomande straks melde frå til styrar. Styrar skal melde frå til barnehageeigar.

Dersom ein som arbeider i barnehagen får mistanke om, eller kjennskap til, at styraren i barnehagen, krenker eit barn med til dømes utestenging, mobbing, vald, diskriminering eller trakassering, skal vedkomande straks melde frå til barnehageeigar.

Undersøking og tiltak etter § 42 tredje og fjerde ledd skal settast i verk straks. Det gjeld punkt 4,5,6 i handlingspliktene. (Jamfør over)

For utfyllande informasjon, sjå:

- <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/barnehagemiljo/>
- <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/stottmateriell-til-rammeplanen/trivsels-veileder/>
- <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/mobbing/hva-gjor-jeg-nar-barnet-mitt-ikke-trives-i-barnehagen2/>

Vedlegg:

- Aktivitetsplan – kortversjon
- Tiltaksplan

AKTIVITETSPLAN – KORTVERSJON

Dersom det er mistanke om at eit barn ikkje har eit godt og trygt barnehagemiljø, eller det er kjennskap til at noko ikkje er bra i barnehagegruppa, er det fem punkt som skal vere med i ein aktivitetsplan:

1. Følge med
2. Gripe inn
3. Varsle
4. Undersøkje
5. Sette inn tiltak

1. Følgje med

Det kan vere vanskeleg å oppdage mobbing/krenkingar som til dømes utestenging frå leiken og blikk som seier meir enn ord.

Korleis oppdage at barn ikkje har det bra?

Det er viktig å snakke med barna. Korleis har dei det? Dei tilsette ser noko eller fangar opp noko i samtalar med andre barn.

Føresette som tek kontakt med barnehagen:

Vi avviser aldri foreldre som melder ifrå, men svarer: «Takk for at du gav beskjed, dette skal vi undersøkje».

Barnet fortel sjølv om at dei ikkje trivst:

Skjer det endringar i åtferd hjå barnet?

Nokon vert stille og trekkjer seg tilbake i leik og deltek ikkje i leik og aktivitetar, medan andre trer tydeleg fram og gir beskjed når tinga vert vanskelege.

Det merkast endring i gruppa, som til dømes bråk og uro, endringar sosialt og i høve til kva barn som leikar saman.

Det finst fleire verkty som kan brukast for å kartlegge kva som skjer mellom barn. Som dømes: Barnesamtaler/venespørsmål, bussen – kven leiker med kven?

2. Gripe inn

Barnehagen skal ha nulltoleranse mot mobbing, vald, diskriminering og trakassering, men også mot mindre alvorlege krenkingar.

3. Varsle

Alle barn skal ha eit trygt og godt miljø i barnehagen. Når nokre barn ikkje har det bra, er det styrar og dei tilsette som skal sette i verk tiltak som kan gjere barnehagekvardagen til barnet godt.

Alle som arbeider i barnehagen skal varsle styrar om dei ser eller mistenkjer at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Dette skal sikre at styrar får oversyn over korleis barn har det i barnehagen og vil vere eit godt utgangspunkt for å følgje opp einskildsaker.

Styrar har ansvar for at varslingane vert handterte på ein forsvarleg måte.

4. Undersøkje

Barnehagen skal ikkje skaffe og vurdere bevis for eller imot at barn vert krenka eller mobba. Undersøkinga må ha som formål å få fram fakta om situasjonen og kva som påverkar korleis barnet har det barnehagen. Får ein mistanke om utestenging eller at nokon melder frå om dette, skal ein undersøkje.

Det vil sei systematisk observasjon over 2-3 veker. Dette bør heile personalet på avdelinga, pluss styrar og ressurspersonar delta på.

Bruk mal for observasjon, refleksjon før observasjon, skjema for samtaler. Beredskapsteamet kan også kontaktast for råd.

5. Setje inn tiltak

Barnehagen skal:

- Kontakte føresette og kalle inn til samtale.
- Observere fortløpande for å få oversyn over situasjonen.
- Setje inn eigna tiltak for alle barn som ikkje har det bra.
- Følgje opp tiltaka.
- Kontakte beredskapsteamet.
- Evaluere verknaden av tiltaka.
- Legge til eller endre tiltak om naudsynt.

Dokumentere

Barnehagen må dokumentere skriftleg kva dei gjer for å sørge for at barnet har det trygt og godt i barnehagen.

Aktivitetsplanen er ein skriftleg plan som barnehagen lagar i det vi får vite at eit barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen.

I aktivitetsplanen skal det minimum stå:

- Kva problem som skal løysast.
- Kva barnehagen har planlagt å gjere.
- Når tiltaka skal gjennomførast.
- Kven som er ansvarleg.
- Når tiltaka skal evaluerast.

Det kan vere lurt å ha oppsummerande samtale med føresette.

Det kan også vere lurt å ha ei oppsummering av kva som er barnehagen si vurdering av saka.

Skjema, nyttige nettsider og litteratur:

Nyttige nettsider:

- [Trygg i fjell](#)
- [Dialogmodellen](#)
- [Læringsmiljøsentret](#)
- [Utdanningsdirektoratet](#)

Litteratur:

- [Fagbokforlaget](#)

Relasjonskartlegging: Barn- voksenrelasjonen i ei gruppe

Vedlegg 1

(Kari Pape)

Relasjonen mellom voksne og barn er den viktigaste faktoren for barn si læring og utvikling. Den voksne er den som har ansvaret for relasjonen og kvalitet på relasjon med barn. Skjemaet skal nyttast til å kartleggje dei voksne sine kjensler og haldningar til kvart einskild barn i ei gruppe. Noko som igjen vil spegle relasjonen til barnet. Når du fyller ut kan du gi eit barnet ein av fargene under (du kan også gi to fargar, til dømes raudt og svart dersom det stemmer best for dine kjensler knytt til barnet).

Bruk barnelista og set farge bak kvart barn som stemmer best for deg. Samanlikne resultatata mellom alle voksne i avdelinga. Då vil de sjå kven som er i «faresone», kven som er i posisjon til kven av barna, kven som treng å styrkast osv.

RAUD:

Til barnet som du kjenner at ein eller fleire av setningane under er i samsvar med dine kjensler/haldningar til barnet:

- Barnet får "trakke" inn i sjela din med støvlane på
- Barnet du gir privilegium til
- Barnet du med ein gong forstår og blir glad i
- Barnet du føler er spesielt lett å elske

SVART:

Til barnet som du kjenner at ein eller fleire av setningane under er i samsvar med dine kjensler/haldningar til barnet:

- Barnet som får det til å koke over i deg
- Barnet som gjer at du blir sintare enn situasjonen skulle tilseie
- Barnet du ikkje forstår
- Barnet du ikkje føler er spesielt lett å elske

BLÅ:

Om du kjenner at barnet ikkje tek kontakt med deg/sjeldan tek kontakt. Dette er eit barn du sjeldan tek kontakt med.

GRØN:

Til barn du har ein utmerka kontakt med, men som likevel ikkje kjem under den raude fargen.

Relasjonskartlegging - skjema til vedlegg 1

| | Namn på barna | | | | |
|----|---------------|--|--|--|--|
| 1 | | | | | |
| 2 | | | | | |
| 3 | | | | | |
| 4 | | | | | |
| 5 | | | | | |
| 6 | | | | | |
| 7 | | | | | |
| 8 | | | | | |
| 9 | | | | | |
| 10 | | | | | |
| 11 | | | | | |
| 12 | | | | | |
| 13 | | | | | |
| 14 | | | | | |
| 15 | | | | | |
| 16 | | | | | |
| 17 | | | | | |

Kommentarar til undersøkinga:

1. Barn som har svart farge frå ein eller fleire av dei vaksne er særst sårbare, og dei slit truleg også med relasjonar til andre barn. Når vi endrar dei vaksne sin relasjon til dette barnet vil det også påverke relasjonen til andre barn.
2. Barn som er raude for deg, og/eller fleire andre vaksne, er truleg i ein trygg relasjon til deg. Dette kan vere våre «blinde» flekkar; dei vi ikkje ser kan vere innblanda i negative handlingar.
3. Barn med blå farge frå ein eller fleire vaksne er barn som sjeldan eller aldri tek kontakt med deg, og du sjeldan eller aldri tek kontakt med dei. Dette er barn vi skal vere særst merksame på.
4. Barn med grøn farge til ein eller fleire vaksne er i «trygg sone». Dei har gode relasjonar til vaksne og truleg også til andre barn.

Det er viktig å sjå på om det er barn som får fleire merker med same farge. Ein skal sette i verk tiltak og følgje dei tett opp. Ta ei ny kartlegging etter ein periode med slik satsing for å sjå om situasjonen har endra seg.

Til drøfting:

Barn som har fått fleire svarte merknader:

- a) Kva gjer det med eit barn at fleire vaksne har merka av med svart farge?
- b) Kan dette få negative konsekvensar for barnet?
- c) Kva gjer desse haldningane frå dei vaksne med dei andre barna sitt forhold til dette barnet?
- d) Kva konkrete tiltak kan vi sette i verk for å snu dette?

Barn som har fått fleire blå merknader:

- a) Kva gjer det med eit barn som manglar kontakt med ein eller fleire vaksne i barnehagen?
- b) Kvifor tek dei vaksne så lite kontakt med dette barnet?
- c) Kva gjer desse haldningane med dei andre barna sitt forhold til dette barnet?
- d) Kva konkrete tiltak kan vi sette i verk for å snu dette?

Barn som har fått fleire raude merknader:

- a) Kva konsekvensar har det for eit barn at fleire vaksne let dei «trakke inn i sjela si med støvlane på»?
- b) Kan dette få negative konsekvensar for barnet?
- c) Kva gjer desse haldningane med dei andre barna sitt forhold til dette barnet?
- d) Kva konkrete tiltak kan vi sette i verk for å snu dette?

Lag ei oversikt over tiltaka som skal setjast i gang. Set opp ei tidsramme og ver konkret når de fordeler arbeidsoppgåvene.

For å få så ærlege svar som mogleg, er det fornuftig å la den einskilde vaksne få fylle ut skjemaet for seg sjølv. Det kan til og med gjerast anonymt. Opplysningane settast inn i samleskjemaet. Om ein nyttar fargar vert det gjerne meir tydeleg. Det er viktig å vite kva dei vaksne sine haldningar samla sett betyr for det einskilde barnet sitt ve og vel i barnehagen.



Dei vaksne sitt forhold til barna:

| Spørsmål | Ja-alltid | Ja-oftast | Nei - sjeldan | Nei - aldri |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------|-----------|---------------|-------------|
| Er vaksne i vår barnehage anerkjennande og støttande i høve til barna sine initiativ? | | | | |
| Blir alle barn lagt merke til i like stor grad, uavhengig av type personlegdom? (innadvent/utadvent) | | | | |
| Får nokre barn stadig meir positiv merksemd frå oss vaksne – meir enn andre barn? | | | | |
| Får nokre barn meir negativ merksemd frå oss vaksne – meir enn andre barn? | | | | |
| Kan ein sjå at det har blitt eit «mønster» i at vi vaksne har lettare for å tru på nokre barn sine forklaringar på konflikhtar enn andre i gruppa? | | | | |
| Er det nokre barn i gruppa som vi vaksne tek meir kontakt med – og finn på fleire aktivitetar med enn andre barn? | | | | |
| Klarer vi å involvere alle barn i fellesskapen – til dømes praten rundt bordet ved måltider? | | | | |
| Har vi vaksne større tålmod med einskilde barn i gruppa enn andre, når det gjeld å følgje dei opp/hjelpe dei? | | | | |
| Blir nokre barn raskare avvist av oss vaksne når dei tek kontakt med oss? | | | | |

Sjekkliste- Oppvekstmiljøet i barnehagen

Vedlegg 2

| Spørsmål | Ja-alltid | Ja-oftast | Nei - sjeldan | Nei - aldri |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------|-----------|---------------|-------------|
| Er alle voksne medvitne om at barn ikkje alltid klarer å skille spøk/ironi? Viktig å vere forsiktig med bruk av ironi i forhold til barn som ikkje forstår det. | | | | |
| Er miljøet i vår barnehage prega av gjensidig omsorg, anerkjening, varme og respekt? | | | | |
| Er samspelet mellom barna prega av likeverd og veksling mellom kven som bestemmer og kven som får vere med? | | | | |
| Er det ein trygg og avslappa tone prega av humor, spontanitet, oppmuntring og glede? | | | | |
| Er nokre barn aleine i leiken? (over tid) | | | | |
| Skjer det ekskludering av einskildbarn over tid? | | | | |
| Kommentar: | | | | |

Skriv ditt navn i midten.

Skriv barna sine navn rundt deg.



Samleskjema til vedlegg 3

| Namn på dei vaksne/ Namn på barna | Vaksen | Vaksen | Vaksen | Vaksen | Vaksen |
|--------------------------------------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Barn: | | | | | |
| Barn: | | | | | |
| Barn: | | | | | |
| Barn: | | | | | |
| Barn: | | | | | |
| Barn: | | | | | |
| Barn: | | | | | |
| Barn: | | | | | |
| Barn: | | | | | |
| Barn: | | | | | |
| Barn: | | | | | |
| Barn: | | | | | |
| Barn: | | | | | |
| Barn: | | | | | |
| Barn: | | | | | |
| Barn: | | | | | |

Formål med samtalen er å kartlegge barn si oppleving av relasjonar, trivsel og samspel. Barnet si røyst.

Spørsmål:

1. Kva liker du å gjere i barnhagen?
2. Har du det bra i barnehagen?
3. Kvifor har du det bra/ikkje har det bra i barnehagen?
4. Kven brukar du å leike med ?
5. Kven er dine vener i barnehagen?
6. Er det nokon i barnehagen som det er vanskeleg å leike saman med?
7. Er det nokon du skulle ønskje at du kunne leike meir med?
8. Ser du nokon som er åleine i barnehagen?
9. Kva kan du gjer då?
10. Barn er som regel grei med kvarandre, men ikkje alltid. Veit du måter ein av og til er stygg med kvarandre på?
11. Er det nokon her som er ekstra flink til å seie fine ting?
12. Er det nokon barn du kunne tenkje deg å bli betre kjend med?
13. Er det dei same som bestemmer leiken?
14. Kva skjer om du ikkje er samd? Og kva gjer du då?

(Kjelde: Trygg i Fjell)

| |
|---------------------------------------------------|
| Kva er hovudproblemstillinga etter observasjonar? |
| Kva tiltak skal setjast inn? |
| Samtale med føresette |
| Start |
| Slutt |
| Undervegs-vurdering |
| Evaluering |
| Må det setjast inn nye tiltak? |

Kva møtet gjeld:.....

(Kopi skal ligge i barnet si mappe. Kopi til føresette).

Møtedato:.....

Til stades:.....

| Sak: | Tiltak: | Ansvar: | Kva seier barnet: |
|------|---------|---------|-------------------|
| | | | |

Dato for neste oppfølgingsmøte:.....

Føresette:.....

Barnehage:.....

Kvifor observasjon?

- Viktig for å sjå heilskapen i sosiale situasjonar.
- Situasjonar som ser ut som kommunikasjon, samspel og leik, treng ikkje å vere gjensidig og balansert.
- For å få kjennskap til om det handlar om mobbing, eingongshendingar eller konflikhtar, må vi skaffe oss eit nyansert og heilskapleg oversyn.

Bruk av observasjon kan gje ei systematisk oversyn om:

- Kven vel å vere saman med kven?
- Kva for barn vert ofte ståande utanfor?
- Kva for situasjonar er særleg sårbare for utestenging?
- Kva arena er gode for å stimulere til samspel?

Å observere samspel

- Å samle konkret og detaljert informasjon.
- Kva barna seier og gjer i samspel med kvarandre når dei er saman.

Informasjon frå observasjon kan vise

- Om mobbing skjer.
- Om eit sosialt samspel fungerer godt /dårleg.
- Om barn vert utstengd frå gruppa/frå leik.

Refleksjon i personalgruppa

- Kva ønskjer de å finne ut?
- Kven skal observeras?
- Kva skal de fokusere på i samhandlinga?
- Kven skal foreta observasjonane?
- Når skal det gjerast?
- Kor lang tid skal brukast?
- Korleis skal observasjonen dokumenterast?
- Når og av kven skal observasjonane analyserast?
- Korleis skal de gjer nytte av det som er funne?

(Korleis tenkte eg? Kva såg eg? Kva kunnskap fekk eg?)

- Etter mal frå Trygg I Fjell

Melding ved mistanke om/kunnskap om krenkande handlingar/mobbing

| Kva har eg sett eller høyrte? | Kven gjeld det? | Når skjedde det? | Signatur |
|-------------------------------|-----------------|------------------|----------|
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |

Referat frå møte om utrygt miljø i barnehagen

Vedlegg 10

Møtedato:.....

Barnehageår:.....

Desse var på møtet:.....

.....

| Kva saka gjeld: | Tiltak vidare: | Ansvar: |
|-----------------|----------------|---------|
| | | |

Dato for neste oppfølgingsmøte er sett til:.....

Stad:.....

Den:.....

Underskrift tilsett:.....

Underskrift tilsett:.....

Underskrift føresette:.....

Underskrift føresette:.....

| |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Namn på barnehagen: |
| Namn på barnet + alder: |
| Avdeling: |
| Uro er meldt til: |
| Uro er meldt av: |
| Dato for melding: |
| Kva handlar bekymringa/uroa om? (stengt ute av leiken, vert ikkje akseptert, får negative kommentarar, blir dominert, undertrykt, trua, slått, dytta, krenka, eller anna) |
| Korleis vart uroa oppdaga? |
| |

Eit døme:

| Namn | Kari | Anne | Per | Jan | Ole | Tina | Gerd | Marcus | Kine | Jacob | Pål | Trine | Jon | Synne | Johan | Tor | | |
|--------|------|------|-----|-----|-----|------|------|--------|------|-------|-----|-------|-----|-------|-------|-----|--|--|
| Kari | X | | | | | X | X | | | X | | X | | | | | | |
| Anne | | X | | | | X | | | X | X | | | | | X | | | |
| Per | | | X | X | X | | | X | | | | | | | | X | | |
| Jan | | | X | X | | | | | | | X | | X | | | X | | |
| Ole | | | X | | X | X | | X | | | | | | X | | | | |
| Tina | X | | | | | X | X | | X | | | X | | | | | | |
| Gerd | X | | | X | | X | X | | | | | | | X | | X | | |
| Marcus | | | X | | X | | | X | | | | | | | X | | | |
| Kine | X | | X | | | X | | | X | | | X | | | | | | |
| Jacob | X | | X | | | | | X | | X | | | | | | | | |
| Pål | | | | X | | X | | | | | X | | | | X | X | | |
| Trine | | | X | | | | | X | | | | X | | X | | X | | |
| Jon | | | | X | | | | X | | | | | X | | X | X | | |
| Synne | | | | | | X | | X | X | | | X | | X | | | | |
| Johan | | | | | | X | | X | | | | | | X | X | X | | |
| Tor | | | x | | X | | | | X | | | | | | X | X | | |
| | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| | | | | | | | | | | | | | | | | | | |



Herøy kommune
Rådhusgata 5
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Layout, utforming og korrektur: Kommunikasjonsavdelinga

Illustrasjonsfoto: Adobe Stock



EI BÅTLENGD FØRE